

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 69/96**av 18. januar 1996****om endring av forordning (EØF) nr. 2676/90 om fastsettelse av felles analysemetoder for vin(*)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 822/87 av 16. mars 1987 om den felles markedsordning for vin⁽¹⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 1544/95⁽²⁾, særleg artikkel 74, og

ut frå desse synsmåtanane:

Den metoden for analyse av svoveldioksidinnhaldet i drueråsaft som det er gjort greie for i kapittel 25 nr. 2.2.3.3.2 i vedlegget til kommisjonsforordning (EØF) nr. 2676/90 av 17. september 1990 om fastsettelse av felles analysemetoder for vin⁽³⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 60/95⁽⁴⁾, gjev betre ekstraksjon av dette stoffet enn den framgangsmåten i kapittel 13 nr. 13.4 som vart nytta tidlegare. Dette fører til at det totale svoveldioksidinnhaldet i den analyserte drueråsafta vert høgare og kan overstige den fastsette maksimumsgrensa. Ettersom metoden inneber at dei næringsdrivande må gjere tekniske endringar for å unngå vanskar i samband med avsetninga av drueråsaft, bør den overgangs-

perioden der svoveldioksidinnhaldet i drueråsaft kan analyserast etter den tidlegare framgangsmåten, lengjast fram til slutten av det inneverande vinproduksjonsåret. Bruken av analysemetoden bør ikkje avbrytast.

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Forvaltingsutvalet for vin -

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:**Artikkel 1**

I kapittel 25 nr. 2.2.3.3.2 andre leddet i vedlegget til forordning (EØF) nr. 2676/90 vert «31. desember 1995» endra til «31. august 1996».

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 1996.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 18. januar 1996.

For Kommisjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjord i EFT nr. L 14 av 19.1.1996, s. 13, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 42/97 av 10. juli 1997 om endring av EØS-avtalens protokoll 47 om opphevelse av tekniske hindringer for handel med vin, se denne utgave av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(¹) TEF nr. L 84 av 27.3.1987, s. 1.

(²) TEF nr. L 148 av 30.6.1995, s. 31.

(³) TEF nr. L 272 av 3.10.1990, s. 1.

(⁴) TEF nr. L 11 av 17.1.1995, s. 19.